

Fra: Jenny Følling (Jenny.Folling@sunnfjord.kommune.no)

Sendt: 11.09.2020 15:21:04

Til: Politisk

Kopi: Jannicke Bergesen Clarke

Emne: VS: skuleskyss Guddal

Vedlegg:

Spørsmål om endringar i bussambandet mellom Dale i Sunnfjord og Flekke/Guddal.

Eg syner til avisoppslag om uheldige konsekvenser ved omlegging av bussruta mellom Dale til Guddal.

Omlegging av ruta

Bussen frå Heggheim til Dale går morgon på sørsida med stor buss. På ettermiddag er det sett inn ein 22-seters minibuss frå Dale til Heggheim, som køyrer nordsidevegen. Unntaket er torsdag, då den køyrer sørsida. Konsekvensen av denne omlegginga er at det ikkje går buss frå Dale til Hovlandsdal/Yndestad/Engen på ettermiddager.

Trangt i bussen og koronabekymring.

Det er forliten kapasitet i minibussen som er sett inn på ettermiddag. Der er ikkje plass til sekkar, baggar og sykklar. Det er heller ikkje er plass til ekstra passasjerar. Dette medfører at det ikkje eksisterer busstilbod for innbyggjarane. Elevane er bekymra for korona fordi dei sit tett og blandar alle trinna på grunnskulen. På skulen er elevane i ulike kohortar, medan dei sit tett i bussen i blandar kohortar.

Kva tiltak vil Vestland fylkeskommune sette i verk for å få tilstrekkeleg plass til elvenane, og ivareta rutetilbodet for folk i dette området?